



I kveld (tysdag) er det jonsok, men kvar vart det av jonsokmoroa i Uskedalen?
 Det spørsmålet har uskedalen.no registrert frå fleire hald i dei siste dagane.
 Heller ikkje i år er det nokon form for offisielt arrangement i bygda i samband med jonsok og det er tydeleg at folk saknar det.
 I mange år var jonsok eit høgdepunkt på begivenheitslista i Uskedalen.



- Vi hadde det kjempekjekt og det er trist at det ikkje er nokon form for tilskiping denne kvelden, seier Randi Nybakk når ho studerer eit knippe festlege bilete fra jonsokmoroa i 1985.

Den gongen heitte ho Myklebust og var 12 år gamal. Bileta er også attgjeve i Uskedalsposten sitt sommarnummer.

For 24 år sidan var det tydelegvis ingen grenser for kreativiteten. Opplegget var i regi av ungdomsklubben, som var ei grein av ungdomslaget, fortel Inger Lise Eidsvik som har lånt oss desse bileta. Ho og Kirsten Rød var to av dei som sto i spissen for arrangementet og dei heldt det gåande i sju år i denne klubben. Men høgdepunktet vart nok nådd under jonsokmoroa i 1985 og Inger Lise seier at det låg ein vanvittig jobb bak.

På det eine biletet er heile gjengen på scena i Helgheim, med Sigvald Eik lengst til venstre.

På det andre biletet er det klårt for det tradisjonelle opptoget som gjekk føre seg i mange år. Dette året var Anne Helen Johnsen brud og Kjetil Hauge brudgom, fortel Randi, som antar at Bjørgulv Eik var kusk og at fjordingen var hans.

- Kvifor kan ikkje ungdomslaget vekke jonsokmoroa til live att neste år, spør ein av dei som etterlyser eit arrangement.

For han var det som skjedde på Stemneplassen og som endte med brenning av eit stort bål eit høgdepunkt i året.

Av Ola Matti Mathisen